



HANDTERING OG IVARETAKING av kunst i offentlege rom

Handtering og ivaretaking av kunst i offentlege rom, Oslo, mai 2010

©Kunst i offentlege rom – KORO/www.koro.no

Copyright attgjevne verk:

Kunstnarane sjølve med unntak av © Tiril Schrøder/BONO 2010, © Rune Johansen/BONO 2010, © Martine Linge/BONO 2010, © István Lisztes/BONO 2010, © Michael O'Donnell/BONO 2010, © Tone Vigeland/BONO 2010, © Per Inge Bjørlo/BONO 2010, © May Bente Aronsen/BONO 2010 og © Bente von Krohg/BONO 2010.



Det må ikkje kopierast frå denne brosjyren i strid med åndsverklova eller avtalar om kopiering gjorde med KOPINOR, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk. Kopiering i strid med lov eller avtale, kan medføre erstatningskrav og inndraging og kan straffast med bøter eller fengsel.

Tekst: Johannes Rød
Design: Melkeveien Designkontor AS
Trykk: Rolf Ottesen AS



Innhold

Forvaltingsansvar	5
Kunstmangfald	6
Skader kjem fort - utbetring kan vere vanskeleg	6
Sjekkliste for brukaretatane	6
Preventive tiltak	9
Konserveringsinngrep	10
Vedlikehald utan assistanse av kunstnar/konservator	10
Nokre reglar og tiltak for vedlikehaldet av kunsten	13
Tiltak for områda rundt kunstverka	18
Emballering av kunst ved sending	18
Nyttige adresser	18



Tiril Schröder, veggmåleri/ veggteikning, 2006. Høgskolen i Nesna. Foto: Jaro Hollan



Rune Johansen, fotografi, 1996/2006. Den norske ambassaden i Washington D.C. Foto: Werner Zellien

Handtering og ivaretaking av kunst i offentlege rom

Forvaltingsansvar

Kunst i offentlege rom - KORO ivaretek eigaransvaret for ei stor og variert kunstsamling. KORO har eit overordna forvaltingsansvar for kunst frå KORO som er produsert for statlege bygg og eigedommar. Det daglege, praktiske og økonomiske ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald ligg hjå dei ulike brukaretatane der kunsten er.

Som regel er det slik at brukarinstansane ikkje har eigne fagpersonar som kan ta hand om konserverings- og bevaringsdelen av forvaltingsansvaret. KORO meiner det er viktig å gje informasjon om aktive og preventive tiltak slik at den enkelte brukarinstansen kan ta vare på kunsten på ein rett og føremålstenleg måte.

Kunstverka som skal forvaltast, er spreidd over heile landet og er plassert i svært ulike fysiske miljø. Til dømes kan det vere metallkonstruksjonar plassert i fjæra som er eksponert for vatn, vind, kulde og varme.

Det kan vere kunstnarleg utforming av plassar i bymiljø eller fasadar på store bygg. Eller det kan være teikningar, fotografi eller grafiske arbeid som heng innramma på kontorvegger. Då ein stor del av forvaltingsinstitusjonane kan mangle kompetanse innan konservering, fordrar dette eit særleg fokus på tilfredsstillande handtering og ivaretaking av dei ulike kunstverka.

I denne brosjyra presenterer vi rådgjeving og forslag til korleis forvaltninga av kunsten praktisk bør handterast. Brosjyra er først og fremst retta mot statlege brukaretatar som har kunst frå KORO, men vil og vere til nytte for kommunale - og fylkeskommunale instansar og andre med dagleg forvaltingsansvar for kunst.

Kunstmangfald

Kunsten som KORO har det overordna forvaltingsansvaret for, er samansett av ei mengde ulike kunstuttrykk og tekniske materialløysingar. Dette manifesterar seg i alt frå store veggfaste monumentale verk, arkitektoniske og elektroniske installasjonar, skulpturar og mindre enkeltverk. Ivaretakinga av dette materialet, kan difor by på både praktiske og estetiske utfordringar for den enkelte brukaren. Stor variasjon krev ofte individuelle løysingar med omsyn til bevaring og vedlikehald.

Skader kjem fort - utbetring kan vere vanskeleg

Kunst i offentlege rom er plassert der folk ferdast. Tilgang er viktig for funksjonen til verka, men fører samstundes til auka potensiell fare for skader og øydeleggjing. Eit kunstverk som har matte monokrome fargefelt, kan miste uttrykket sitt ved at ein rører uforvarande ved kunstverket med ein fingernegl. Skader som riper, skraper og feittflekker etter at ein

har komme borti kunstverket, er dei mest vanlege skadane samstundes som dei er vanskelege å utbetre.

Eit skada, møkkete, nedslitt kunstverk blir fort nedvurdert og vert sett på som lite verdfullt. Ei presis utført fargeflate med enkle kunstnarlege verkemiddel, kan etter kort tid verte vurdert som eikvar måla veggflate viss ho vert ståande skada og slitt. Slike tilfelle vil mest sannsynleg auke faren for nye skader. Ivaretaking og handtering av kunst handlar om å vere observant.

Sjekkliste for brukaretatane

Gode fotografi/dokumentasjon når verket står ferdig, er ei viktig referansekjelde for brukaretaten. Brukaravtalen med vedlikehaldsdokumentasjon vert inngått ved overtakinga av verket og inneheld viktige opplysingar om det å ta vare på verket som forvaltaren bør vere merksam på. Det er viktig med faste rutinar med omsyn til å sjekke tilstanden til




Martine Linge, skulptur, 2001. Universitet for miljø- og biovitenskap(UMB). Foto: Asgeir Midthjell



Hanne Borchgrevink, grafikk, 1999. Justisbygget i Kristiansand. Foto: Danevig foto.



István Lisztes, skulptur, 2006. Aust-Agder Tingrett.
Foto: Werner Zellen



Michael O'Donnell, lysinstallasjon, 2008. Universitet for miljø- og biovitenskap(UMB). Foto: Halvor Bjørngård

kunsten, både når det gjeld skader og i høve til eventuelle aldringsprosessar og endringar som skjer over tid.

Alle aktivitetar rundt kunstverket bør vere slik at det ikkje medfører fare for skade. Særleg viktig er det å følgje med på eventuelle nye aktivitetar i nærområdet til kunsten.

Eksterne firma som arbeider med vedlikehald av bygget, det vere seg vask av vidauge/vegar/parkanlegg osv., bør få beskjed om kven som har det praktiske forvaltingsansvaret for kunsten og kven som skal kontaktast i aktuelle tilfelle.

Unngå unødig vasking eller pussing: Lat kunstverket, så langt det er forsvarleg, fungere på eigne premissar utan innblanding.

Eventuelle skader på eller endringar i kunstverket samt endringar i omgjevnader som har innverknad på verket, skal med det same innrapporterast til KORO og til kunstnar. Dersom det ikkje finst utfyllande opplysingar i brukaravtalen med forklaringar om vedlikehald, må KORO kontaktast.

Preventive tiltak

Preventive tiltak for å ta vare på kunsten er det viktigaste for bevaringa for framtida. For kunstverk som er plassert innandørs, gjeld følgjande:

- unngå direkte sollys
- hald dei klimatiske tilhøva så stabile som mogeleg
- utfør ettersyn ofte

Om det er nødvendig med sperringar for å hindre «nærkontakt» med kunstverket, må dette gjerast på ein slik måte at sperringa minst mogeleg rokkar ved intensjonen til verket. Slike preventive tiltak/installasjonar må klargjerast med KORO og kunstnar.

Konserveringsinngrep

Kunstverka skal handsamast som unike, og i same tilstand som dei vert overtekne i. Brukarane skal saman med KORO sjå til at kunstnaren sin opprinnelige intensjon med verket vert teke vare på. Dette samsvarar med standard brukaravtale frå KORO. Restaurerings- og konserveringsinngrep må klargjerast på førehand med KORO og kunstnar. Ofte vil kunstnaren sjølv kunne gje råd og hjelp i denne samanhengen. I andre tilfelle vil det vere rett å kontakte ein konservator.

Vedlikehald utan assistanse av kunstnar/konservator

Ein viktig regel er «å gjere minst mogeleg». Brukarinstitusjonen kan rett nok gjere lettare vedlikehaldsarbeid. I dette arbeidet er det viktig å ha klart føre seg kva ein med enkle grep kan gjere og kva ein ikkje må gjere. Ved eventuelle inngrep/handsaming er god kunnskap om de ulike materiala som er brukt i kunstverket, noko av det viktigaste for eit vellukka resultat. Dette gjeld for materiala i seg sjølv, kombinasjon med andre materiale og korleis dei framstår med overflatehandsaming osv. Enkelte måla overflater kan være sterkt påverkelege for vatn, pleksiglas kan påførast irreversible skader om ein pussar tørt over med en klut osv. I spennvidda av ulike materialtypar og teknikkar som finst innan kunsten i dag, er det ein føresetnad med grunnleggjande fagleg kunnskap og forståing som eit utgangspunkt for konserveringsinngrep. Det er difor viktig å ikkje gå for langt i høve til vedlikehaldsprosessen.



Anna Gudmundsdottir, måleri på betong, 2004. Høgskolen i Akershus. Foto: Werner Zellien



Lena Ylipää, tekst/ objekter, 2009. Diethosiida/Samisk viten-
skapsbygg. Foto: Sarah Sørensen og Bent Raanes



Tone Vigeland, skulptur, 2008. Regjeringens representasjonsanlegg. Foto: Jiri Havran



Per Inge Bjørlo, skulptur, 2007. Forsvarets ledelsesbygg Akershus. Foto: Anneli Torgersen

Nokre reglar og tiltak for vedlikehaldet av kunsten

Måla flater innandørs

Det må ikkje under nokon omstende brukast flytande væske for å fjerne støv, smuss eller andre skader på måla flater. Dette gjeld og bruk av vatn som sjølv med særst forsiktig bruk, kan føre til skjoldar og uopprettelege skader. Måla overflater må heller aldri tørrpussast eller tørkast over med klut. For å iverksetje slike arbeidsoperasjonar, krevst det spesialkunnskap om måleteknikk og materialbruk.

For å fjerne støv, er det ein god regel å bruke berre mjuke børster, enten antistatiske kostar eller mjuke, langhåra, breie penslar. Det kan og vere føremålstenleg å bruke ein støvsugar saman med penslar/kostar for å hindre at støvet som vert børsta og vert kvervla opp, fester seg på flata igjen. Støvsugaren sine børster/bein må haldast på god avstand, og må ikkje komme i kontakt med kunstverket. Til denne arbeidsoperasjonen har ein bruk for to personar.

Måla flater utandørs

Måla flater utandørs skal teknisk kunne tåle ver og vind. Treng kunst i denne kategorien reingjering, kan dette gjerast med varsam bruk av vatn. Dersom reingjeringa krev bruk av svamp/klut eller liknande, må dette utførast på ein særst varsam måte. I dei tilfella der flata er grisa til med måling/tagging eller anna som fordrar sterkare løysemidlar/spesialhandsaming for å kunne fjernast, må brukarinstansen kontakte KORO og kunstnar før eventuelle tiltak vert effektuerte, i tråd med tidlegare omtala melding om endringar og skader som har innverknad på verket. Det same gjeld ved bruk av høgtrykksspylar.

Umåla skulpturar/installasjonar innandørs

Skulpturar/installasjonar som skal stå innandørs, kan vere spesialhandsama av kunstnaren slik at flatene er påverkelege i høve til eventuell støvtørring/vasking/reinsing. Eksempel på dette kan vere eit ønskt oksidasjonslag på metall som lett kan påverkast/fjernast ved børsting eller

ei overflatehandsaming som gjev ein ønskt glans. Om det ikkje følgjer med vedlikehaldsretteiing for verket, må brukaren kontakte KORO eller kunstnar før ei eventuell handsaming.

Umåla skulpturar/installasjonar utandørs

Skulpturar utandørs kan vaskast med vatn. Viss det er nødvendig med tilsetjing av vaskemidlar/løysemidlar for å få flata rein, sjekk brukaravtalen for vedlikehaldsretteiinga. Dette gjeld og ved eventuell bruk av høgtrykksspylar.

Teikningar, grafikk og fotografi

Teikningar, akvarellar, gouachar, grafikk og fotografi er særleg vare for direkte sollys. Det er svært viktig å syte for at dei preventive tiltaka når det gjeld lys og stabilt klima, vert respektert.

Når det gjeld fotokunst, er det særlege tilhøve som det er viktig å ta omsyn til. Ofte er kunstfotografiet laga som eit laminat der sjølve fotopapiret er laminert (limt) saman med pleksiglaset på framsida. Det vil seie at viss pleksiglaset vert skadd, vert og sjølve kunstverket skadd. For denne kunsttypen bør en kun fjerne støv frå overflata med en anti-statisk kost eller en mjuk pensel. Det er viktig å unngå støvtørring med klut då dette kan føre til riper.

Kunst som er glassa inn


Det er generelt to typar «glas» som vert brukt ved innramming av kunst: vanleg glas/laminatglas eller pleksiglas. Før ei eventuell reingjering, er det viktig å slå fast kva materiale som skal handsamast.

Pleksiglas

Når det gjeld pleksiglas, kan sjølv den lettaste tørking/gniding på overflata føre til riper. Ein viktig regel er å fjerne støv med ein antistatisk



May Bente Aronsen, tekstil, 2008. Regjeringens representasjonsanlegg.
Foto: Jiri Havran



Dyveke Sanne, installasjon, 2008. Svalbard Globale Frøvelv.
Foto: Jenny-Marie Johnsen



Camilla Løw, skulptur, 2008. Haugaland Tingrett.
Foto: Camilla Løw



Bente von Krohg, keramikk, 2002. Regjeringskvartalet, S-blokken. Foto: Kim Müller

kost eller ein mjuk børste. Om det er nødvendig å fjerne avleira smuss, må det brukast eit spesialmiddel for reingjering av denne særlege flata. Sjekk vedlikehaldsrettleiinga i brukaravtalen for opplysingar om dette.

Vanlig glas/laminatglas

Til reingjering av glas kan det nyttast standard midlar for vindaugsvask. Det finst og ammoniakkfrie antistatiske pussemidlar.

Framgangsmåte ved pussing av glas

Om det er praktisk mogeleg, skal innglasa kunstverk pussast liggjande flatt. Dette er viktig for å hindre at vaskemiddelet renn og trengjer inn mellom glaset og råma. Pussemiddelet bør påførast ein eigna klut/papir som ikkje loar. NB! Unngå å påføre pussemiddelet direkte på glaset.

Tekstilkunst

Ved tekstilkunst gjeld dei same reglane som for teikning, akvarell, gou-

ache, fotografi og grafikk, med omsyn til lysforhold og klima. Tekstilar er i tillegg særleg sårbare for berøring. Denne typen kunst må ikkje støv-
tørkast eller på noen måte handsamast på anna vis enn det som står i vedlikehaldsrettleiinga i brukaravtalen.

Elektronikk og interaktive installasjonar

For elektronikk og interaktive installasjonar er det nokre viktige punkt som bør følgjast opp:

- faste rutinar for drift
- ansvar for drift ved ein eller to data/teknisk kyndige personar
- fast tilsyn som vert utført av dei driftsansvarlige

Sjekk vedlikehaldsrettleiingane som følgjer brukaravtalen ved overta-
kinga av verket.

Tiltak for områda rundt kunstverka

Når det gjeld sperrer eller andre installasjonar som skal hindre nærkontakt med kunstverka, må dette utførast på ein måte som ikkje forstyrrar det kunstnarlege uttrykket. Viss det vert gjort endringar i interiøret, må det takast omsyn til dette. Det gjeld og for kunst plassert utandørs i høve til vegarbeid, snømåking osv. Dersom det skal setjast opp fast monterte sperrer, må dette klargjerast med KORO og kunstnar på førehand.

Emballering av kunst ved sending

Emballering av kunst ved sending skjer gjerne ved bruk av bobleplast, og ein ufråvikeleg regel er at boblene i bobleplasten skal vende ut. Om det er innramma kunst, kan denne pakkast med bobleplasten direkte i kontakt med ramma. Når det gjeld måleri/foto/grafikk, må bobleplasten ikkje under noe omstende komme i direkte kontakt med overflata til kunstverket. Viss verket ikkje har en pynteramme, bør overflata enten

beskyttast av eit silikonlagt papir (for måleri) eller silkepapir (for foto og grafikk), før eventuelt bobleplasten vert lagt rundt. Dersom ein nyttar kasse til sendinga, må kunstverket først pakkast (som forklara over) og sikrast inne i kassa slik at det vert transportert støtt og stabilt. Det er viktig å merkje kassa med handteringsretteiing.

Nyttige adresser

Kunst i offentlege rom – KORO, Postboks 6994 St. Olavs plass, N-0130 Oslo, tlf.: 22 99 11 99, e-post.: post@koro.no

Liste over godkjende konservatorar frå Nordisk konservatorforbund, den norske seksjon (NKF-N):

Finn ein konservator: www.nkf-n.no

Sjå og åndsverkslova på Lovdatas heimeside: www.lovdata.no.



KORO

KUNST I OFFENTLEGE ROM



Utgjeven av: Kunst i offentlege rom – KORO
Postadresse: Postboks 6994 St. Olavs plass, 0130 Oslo
Kontoradresse: Kr. Augusts gate 23, 7.etasje
Tlf.: + 47 22 99 11 99 Fax: + 47 22 99 11 98
E-post: post@koro.no
www.koro.no

Oslo, mai 2010